



Sund kommune
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Dato: 18.09.2014
Vår ref.: 2014/19373-9
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Fråsegn til områdeplan for Skaganeset, Sund kommune - oversending av vedtak - motsegn

Vi syner til brev datert 14.07.14 med områdeplan for Skaganeset industriområde og vegtilkomst til offentlig ettersyn. Kultur- og ressursutvalet har vurdert saka i møte 16.09.14, sak nr. 113/14 og gjort følgjande vedtak:

Vedtak

- Hordaland fylkeskommune tilrår vegframføring alternativ 1 – utbetring av eksisterande veg. Planområdet for dette alternativet bør òg inkludere arealet på vestsida av Vågen og vidareføre omsynssone C for Kvalvågen i kommuneplanen sin arealdel*
- Kvalvågen er eit svært viktig kulturmiljø av nasjonal verdi. Vegframføring alternativ 2 kjem i konflikt med kulturmiljøet. Hordaland fylkeskommune fremjar derfor motsegn til alternativ 2. Motsegna blir trekt dersom alternativ 2 blir teke ut.*
- Marinarkeologisk registrering etter §§9 og 14 i kulturminnelova må gjennomførast i områdeplanen sitt sjøareal, og tilhøvet til eventuelle nye automatisk freda kulturminne må avklarast. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglande marinarkeologiske registreringar.*

Med bakgrunn i at Hordaland fylkeskommune har fremja motsegn kan ikkje Sund kommune vedta områdeplanen med vegtilkomst alternativ 2, jf. PBL §§ 5-4. Dersom Sund kommune ikkje vil ta omsyn til motsegna skal det ordinært gjennomførast mekling mellom partane før saka eventuelt blir sendt departementet for endeleg avgjerd, jf. PBL § 5-6.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland
Statens vegvesen Region vest